

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-234, TI-&86	21/578

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2021	Kraftfondsstyret	PS	22.11.2021

Tildeling av midlar kommunalt kompensasjonsfond covid 19

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om kompensasjonsmidlar - Kvernhusbakken grendahus	18.10.2021
Søknad om kompensasjon for tapte inntekter på grunn av koronarestriksjonar	13.10.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

JMS musikk as får tildelt kr. 122.190 og Stordalen skisenter as kr. 50.000 av dei midlane som kommunen har fått tildelt til lokalt næringsliv i samband med covid 19.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kompensasjonsordning for lokalt næringsliv

Søknadsfrist er endra til 15. oktober - Masfjorden kommune har fått tildelt kr. 250.000 som skal fordelast vidare til lokalt næringsliv som er råka av smitteverntiltak.

Føremålet med tilskotet er å setje kommunane betre i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemdar som er særleg hardt råka av lokale eller nasjonale smitteverntiltak.

Ordninga skal også fungere som ei kommunal ventilordning for å kompensere lokale verksemdar som fell heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane. Kommunane skal bruke midlane på tiltak for lokale verksemdar som er ramma av strenge smitteverntiltak. Dette gjeld særleg:

- Stønad som kompenserer for kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging
- Stønad til verksemdar innanfor reiselivs-, arrangements- og serveringsnæringane
- Stønad for andre verksemdar som av ulike grunner fell utanfor generelle kompensasjonsordningar

Kven kan søkje?

Kompensasjonsordninga skal gjelde for alle verksemdar i Masfjorden kommune som er råka av smitteverntiltak.

Kva kan midlane nyttast til?

Ordninga skal nyttast innanfor to område:

- Dekke faste kostnader, det kan til dømes gjelde løn, husleige, straum, forsikring og andre springande utgifter.
- Dokumentert fall i omsetnad i 2020 og 2021. Her må verksemdene leggje fram relevant dokumentasjon for å synleggjere omsetnadssvikt

Nivået på stønaden heng saman med tal søkjarar. Om det er mange søknadar innafor kriteria, kan det bli ein sjablongmessig reduksjon av kompensasjonsbeløp.

Krav til søknad:

- Stønaden vert gjeve etter reglane for bagatellmessig stønad. Søkjarar må stadfeste at dei samla over tre rekneskapsår ikkje har motteke offentleg stønad på meir enn 200.000 Euro.
- Skatteattest skal ligge ved søknaden.
- For å få stønad må verksemdene vere registrert før 12. mars 2020 og ikkje vere under konkursbehandling eller avvikling.
- Vidare må verksemdar drive lovleg og ha betalt skattar, avgifter og forskotstrekk.

Oppdatert søknadsfrist: 15. oktober 2021

Søknad vert å senda post@masfjorden.kommune.no, eller som brevpost til:
Masfjorden kommune

Fakta

Kommunen har fått tilført kr. 250.000 som skal vidare fordelast til lokalt næringsliv. Det vart utarbeidd eigne lokale retningslinjer for føremålet.

1.handsaming var 2.9.21., kor 77.810 av midlane vart nytta.

Etter ny kunngjering og søknadsfrist 15.10.21 er det komme 3 nye søknader, Stordalen skisenter as, JMS musikk as og Kvernhusbakken grendahus, samla utgjer desse søknadene kr. 223.370,-.

Vurdering

To av søkerane er innafor retningslinene, medan den eine Kvernhusbakken grendahus. I sum utgjer desse 2 søknadene litt meir enn restsum til tildeling, men søkerane får tildelt I stor grad midlar i tråd med søknad.

Konklusjon

JMS musikk as får tildelt kr. 122.190 og Stordalen skisenter as kr. 50.000 av dei midlane som kommunen har fått tildelt til lokalt næringsliv i samband med covid 19, potten på kr. 250.000 er dermed fullt ut tildelt.

Kraftfondsstyret - 027/2021

KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

JMS Musikk AS får tildelt kr. 122 190,- og Stordalen skisenter AS kr. 50 000 av dei midlane som kommunen har fått tildelt til lokalt næringsliv i samband med covid 19.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

JMS musikk as får tildelt kr. 122.190 og Stordalen skisenter as kr. 50.000 av dei midlane som kommunen har fått tildelt til lokalt næringsliv i samband med covid 19.